



Fylkesmannen i Hordaland  
Birthe Lill Christiansen  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/645 - 17/10327

Saksbehandlar:  
Bernt Fjordheim  
Bernt.Fjordheim@lindas.kommune.no

Dato:  
31.03.2017

## Oversending av dokument i samband med tilsyn - Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming

Oversyn over dokument som Fylkesmannen etterspør i melding, med kommentarar:

### 1. Organisasjonsoversikt eller andre dokument som viser kven som har kva funksjonar, ansvar, mynde og oppgåver overfor personar med utviklingshemming

Organisasjonskart for Lindås kommune, Helse- og omsorgstenestene og Eining for funksjonshemma er vedlagt. *Vedlegg nr 1*

Størstedelen av tenestene til personar med utviklingshemming vert gitt via Eining for funksjonshemma. Tenestene til personar med utviklingshemming som har etablert seg i ordinære bustader, vert gitt av team organisert i Eining for Heimetenester, avd Knarvik sør/vest

### 2. Oversikt over tenestestader i kommunen der det blir ytt tenester til personar med utviklingshemming

Tenestestader som gir tenester til personar med utviklingshemming, jfr organisasjonskart :

Eining for funksjonshemma:

- Avdeling Bjørkhaugen, Kvernhusmyrane og Dagavdelinga
- Avdeling Kvassnesvegen og Røsvikdalen bufellesskap
- Avdeling Storhaugen bufellesskap og Stellanemarka borettslag
- Avdeling for avlasting og støttekontakt

Eining for heimeteneste:

- Avdeling Knarvik sør/vest

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



### **3. Delegasjonsreglement og/eller andre dokumenter som viser korleis vedtaksmynde, særleg etter helse- og omsorgslova kapittel 9, er delegert**

Leiaravtalar og Delegasjonsreglement viser korleis dei ulike leiarrollene og delegasjonen frå Rådmannen er. *Vedlegg nr 2, 3 og 4*

Ut frå roller og ansvar som er skildra i Helse og omsorgstenestelova kap 9, er rolla som overordna fagleg ansvarleg delegert til Einingsleiar i Eining for funksjonshemma. Dette gjeld også i høve til tvang og makt i tenestyting i Eining for heimetenesta. Rolla som dagleg ansvarleg for tiltak etter kap 9, er lagt til avdelingsleiar i dei ulike avdelingane som gir tenester til personar med utviklingshemming. Dette er avdelingsleiarane for i dei 4 avdelingane i Eining for funksjonshemma, og avdelingsleiarar i heimetenesta i den (dei) avdelingane som gir tenester til personar med utviklingshemming, for tida berre ei avdeling.

Avdelingsleiar i Avdeling for avlastning og støttekontakt er i tillegg til å vere dagleg ansvarleg for avlastning i institusjon, også dagleg ansvarleg i høve til støttekontakt- og avlastingstenester utanom institusjon (privat avlastning og avlastingsheimar).

Lindås kommune har pr i dag ingen personar med utviklingshemming i sjukeheimar. Praksis ved alderdom og sjukdom hjå personar med utviklingshemming som bur i bufellesskap, har så langt vore at tenestene og kompetansen vert tilpassa brukaren, og at ein hentar inn spisskompetanse på somatiske lidningar ved behov.

### **4. Kommunen sine planar for opplæring av tilsette**

Det foregår for tida eit arbeid med å gjere kvalitetssystemet til Lindås kommune elektronisk. Prosedyrar vert oppdatert og lagt inn i «Lindås kvalitet», som er tilgjengeleg på kommunen sine intranettsider.

Viser til «*Prosedyre - opplæring av tilsette om bruk av tvang og makt etter Lov om kommunale helse- og omsorgstjenster kap 9 og Pasient- og brukarrettslova kap 4A*» *Vedlegg nr. 5*

Eining for funksjonshemma har ein kompetanseplan som byggjer på Lindås kommune sin strategiske kompetanseplan, og årlege kartleggingsprosessar av opplæringsbehov i avdelingane. Legg ved utkast til denne, *vedlegg nr. 6*

### **5. Aktuelle prosedyrar/rutinar og retningslinjer som gjeld bruk av tvang**

Overordna prosedyre ved bruk av tvang og makt. *Vedlegg nr. 7*

Prosedyre – Tvang og makt mot personar med utviklingshemming, etter Helse- og omsorgstenestelova kap 9. *Vedlegg nr. 8*

### **6. Meldingar om skadeavverjande tiltak i naudsituasjonar som ikkje allereie er send til Fylkesmannen**

Ei ny melding om skadeavverjande tiltak 25.03.2017 er vedlagt.

## 7. Meldingar om skader på tilsette/tenestemottakarar

Det har ikkje vore rapportert skader på tenestemottakarar dei siste åra. Dette vert dokumentert i brukarane sine elektroniske journalar, og me ser at dette er vanskeleg å halde oversikt over på eit overordna nivå.

Lindås kommune har tatt i bruk eit elektronisk avvikssystem for registrering av skader på tilsette, samt truslar og vald. Viser til telefonsamtale 31.03.2017 og avtale om ettersending av dokumentasjon.

Med helsing

Bernt Fjordheim  
einingsleiar  
Tlf 56 37 55 80/47 46 11 08  
Epost: [bernt.fjordheim@lindas.kommune.no](mailto:bernt.fjordheim@lindas.kommune.no)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Organisasjonskart  
Administrativ delegasjonsreglement 2017  
Leiaravtale Lindås kommune - einingsleiarar  
Leiaravtale Lindås kommune - avdelingsleiarar  
Prosedyre - opplæring av tilsette om bruk av tvang og makt  
Kompetanseplan 2017-2018 under arbeid  
Overordna prosedyre ved bruk av tvang og makt - Eining for funksjonshemma  
Prosedyre - tvang og makt etter HOL kap 9

### **Kopi til:**

Benthe Fjeldstad Helland  
Leni Dale

### **Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland                      Postboks 7310                      5020                      BERGEN